Elektroniske øyremerke i skiljekvea

Forfatter
Erling Skurdal, Nortura
Fride Gunn Rudi,

Sammendrag
Rundt om i verda er elektronisk merking (RFID) av husdyr på full fart inn som ein sikker måte å identifisere kvart enkelt dyr på. Ved hjelp av dette kan ein følgje eit dyr frå fødsel til det ligg i disken som ferdig salsvare. Men i eit slikt øyremerke ligg det så mange andre moglegheiter som ikkje minst bonden kan gjera seg nytte av i si drift, så vel heime på garden som i utmarka. Fåvang gjeterlag i Gud - brandsdalen har i sommar bygd seg nytt skiljeanlegg, der ein nyttar seg av at dyra har eit elektronisk øyremerke.

Publisert
2009

Referanse
Sau og Geit nr.5/2009

Utskriftsdato
11.09.2026 www.fag.nsg.no

(Foto: Fride Gunn Rudi)

Elektroniske øyremerke i skiljekvea

Rundt om i verda er elektronisk merking (RFID) av husdyr på full fart inn som ein sikker måte å identifisere kvart enkelt dyr på. Ved hjelp av dette kan ein følgje eit dyr frå fødsel til det ligg i disken som ferdig salsvare.

Men i eit slikt øyremerke ligg det så mange andre moglegheiter som ikkje minst bonden kan gjera seg nytte av i si drift, så vel heime på garden som i utmarka. Fåvang gjeterlag i Gudbrandsdalen har i sommar bygd seg nytt skiljeanlegg, der ein nyttar seg av at dyra har eit elektronisk øyremerke.

Godt sauemiljø

Sauemiljøet i Fåvang er landskjent. Frå denne delen av Ringebu kommune i Gudbrandsdalen har det i etterkrigstida kome mye godt avlsmateriale som har kome heile landet til gode. Også i dag står sauen sterkt her, og nå som tidlegare har saueigarane blikket retta framover.

I samband med sommarbeitinga organiserer Fåvang gjeterlag alle saueigarane på austsida av dalen, der dei har gode fjellbeite. Derfor har nokre i laget i mange år sysla med tanken om at dei skulle kunne levere slakt direkte frå fjellet. Da dette vart tatt opp på eit årsmøte for 25 år sidan, fann fleirtalet det ikkje interessant.

Utprøvingsår

I fjor lanserte ein av medlemene, Sigurd Krekke, tanken på nytt. Eit nytt moment hadde kome til sidan sist, nemleg rovviltskader. Det er i hovudsak jerven som dei siste 15 åra har gjort seg gjeldande i dette området, særleg i slutten av beitesesongen. Derfor vart det tatt kontakt med Fylkesmannen i Oppland for å diskutere saka, og ein kom til at tidleg- eller akuttsanking kunne vera eit godt bidrag. For å få til det, måtte ein ha eit effektivt skiljeanlegg.

Ein 2-årig forsøks- og utbyggingsplan vart utarbeidd, og alt same året var første delen av anlegget på plass - eit system med ein drivegang og ei digital vekt (Knarrhult) som vart sett opp ved sida av sankeanlegget. Som eit ledd i prosessen med gruppering av dyra, kunne alle som hadde ønske om det få vege dyra sine før dei vart sendt vidare. Dette vart ein suksess.

Store fordelar

Trass i ein del mindre startproblem, såg ein raskt den praktiske hjelpa og nytten med dette anlegget. Ved hjelp av det elektroniske øyremerket blei kvart dyr raskt identifisert og vekta til dyret kopla opp mot individnummeret. Alle data vart registrert i ein lokal base på vekta og kunne så overførast til ein PC for vidare behandling. For dei som var

med i Saukontrollen blei haustveginga med dette gjennomført.

I enden av vekta hadde dei ein 3-vegsport, der søyer, påsettlam, slaktelam og smålam blei sortert i kvar sin binge. Dei lamma som var slaktemogne kunne førast på slaktebilen same dag, eller eventuelt dei første dagane etterpå. På den måten unngikk ein faren for at dei åt seg for feite på godt heimebeite, med trekk i oppgjeret som resultat. Haustbeite er, som kjent, ofte ein minimumsfaktor på garden, slik at dette bør kome dei dyra som treng det mest til gode - i første rekke dei lamma som er for lette.

Nytt anlegg

Med erfaringane frå 1. året friskt i minne, gjekk laget i gang med trinn 2 - ny kve. Det hadde lenge vore diskutert internt, og nå vart tanken sett ut i livet. I løpet av sommaren i år vart den gamle kvea rive, og til sankinga i haust sto den nye ferdig. Topp moderne med sorteringskarusell og vekt med overbygg som sentrale punkt. Drivgangar for å kunne drive dyr i ulike retningar, utan at skiljinga stopper opp, er på plass. I botnen av drivgangane, karusellen og andre utsette areal, er det lagt inn eit berande og drenerande lag. Ikkje mye søle her nei, sjølv om det har regna mye i det siste. Kapasiteten på skiljinga er på 800-900 dyr pr. time. Skal dyra i tillegg vegast blir den på ca. det halve.

Stor dugnadsinnsats

Laget har pr. i dag 25 medlemmer med til saman 4.130 sau og lam. I tillegg er det 6 medlemmer med storfe. Alle dyra blir sanka inn mot anlegget ved Tromsbua, som er lett å kome til med kjøretøy i alle storleikar. Bua ligg like ved og utgjer sentralen for serveringa som er viktig på slike dagar.

Ute er det stor aktivitet av store og små medhjelparar da vi kjem fram i flott haustsol. Kvea var imponerande å sjå til, og arbeidet går raskt unna. Dyra blir drive inn i puljer frå den 70 daa store samlekvea, og rett inn i karusellen som svelger unna i stort tempo. Alle kjem i riktig binge der eigarane tek eit fyrste overblikk før dei blir sende vidare til vekta. Der står leiar i laget, Ole Johan Bjørge og registrerer tal kg ved hjelp av ein stav som han rettar mot det elektroniske merket i øyra.

Fortsetter neste side.



Skisse over anlegget. Legg spesielt merke til drivgangen som går rundt heile anlegget, som gjer det mogeleg å drive ulike operasjonar på same tid. (Teikna av: Knut Evensen)

Stor aktivitet i karusellen. Mye sau, mye folk. Legg merke til lettmetallgrindene inntil bingane. (Foto: Knut Evensen)

Anlegget er eit imponerande syn, og synes å vera svært funksjonelt. (Foto: Knut Evensen)

Der og da blir skjebnen til kvart enkelt dyr avgjort. – Kvar brukar gjev beskjed om kor vektgrensa skal settast, og da er det berre å gå etter vekta på displayet, enkelt og greitt, synes han.

I Sverige for å lære

Bjørge har vore tett på i heile prosjektet, også det praktiske. Han tok turen til Sverige for å bli opplært på vekta i fjor rett før sankinga tok til, så det er ikkje utan grunn at han er sjef i denne delen av anlegget.

- Det gjekk bra i fjor, syntes vi, men i år går det enda betre. Det ser vi òg på kapasiteten som på maks er oppe i 400 dyr pr. time, forutsett at alle dyra har elektroniske merker. Og så har vi fått det slik som vi vil og bør ha det med overbygg over vekta. Elektronikken blir mindre utsett, og vi får stå tørt, fortel han.

Ole Johan Bjørge er sjef på vekta. Ved hjelp av staven som henger over, blir identiteten til dyret henta frå det elektroniske øyremerket og kopla til vekta som kjem opp på displayet. (Foto: Knut Evensen)

Fått mykje att for innsatsen

- Dette må ha kosta flesk. Korleis er det finansiert?

- Ja, gratis er det ikkje. Samla kostnad kjem nok opp i 350.000 kroner. Berre vekta med utstyr kostar åleine om lag 70.000 kroner, men vi synes vi har fått mye att for pengane og innsatsen. For i dette anlegget ligg det svært mye eigeninnsats i form av dugnad, til saman om lag 1.000 dagsverk. Dei mest aktive har nok brukt minst ein månad her inne i fjellet denne sommaren. Alle har vore positive og hjelpsame, men det er ingen tvil om at Stein Myhrsveen fortener ein ekstra klapp på skuldra for sin innsats og som pådrivar, seier Ole Johan Bjørge. Midlar til å dekke reine utlegg har dei fått frå Fylkesmannen, Innovasjon Norge, Nortura, Furuseth Slakteri og Ringebu Fjellstyre i tillegg til det dei måtte legge i sjølve.

Sparar tid og mannskap

Sjefen for sauene i laget, Per Arne Kleven, kan ikkje få fullrost det nye anlegget.

I kø på veg inn på vekta som står under tak. (Foto: Knut Evensen)

- Sjølv om vi nok etter kvart ser småting som skulle vore gjort på ein annan måte, så er vi svært nøgde med det vi har fått til. Med dette systemet sparar vi både tid og mannskap, og det er førebyggjande med omsyn til rovviltap, på den måten at vi får frigjort tid til å få heim sauen raskare, seier han.

Ja, i Fåvang får dei det til. Men dette er eit opplegg som òg bør vera interessant for andre beitelag, og det kan sikkert gjerast enklare og rimlegare.

Tekst: Erling Skurdal og Fride Gunn Rudi

Krav om elektronisk merking

Heilt sidan 2004 har bruken av elektroniske merker (RFID) vore eit diskusjonstema innan EU. Intensjonen har vore å få til felles reglar for slik merking. Fram til no har ein ikkje klart å kome fram til eit felles regelverk på dette området, men mykje tyder på at EU vil innføre krav om RFID om kort tid.

Norge, ved Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Mattilsynet, har følgd denne prosessen tett med tanke på ei samordning. Fleire fristar har vore sett for kravet om innføring av elektronisk merking her i landet, men så langt har dette ikkje vorte ein realitet - på grunn av EU. Ein reknar likevel med at regelverket og dermed kravet vil vera på plass om ikkje lenge, da nokre nasjonar innan EU (Frankrike og Nederland) nå har mista tolmodet og innført eigne reglar for merking av sau og lam, gjeldande frå 2010.

I 2007 tok Nortura initiativ til eit prøveprosjekt med innføring av RFID på lam – med tanke på å ta i bruk ny teknologi for å bidra til ei meir rasjonell registrering og handtering av dyra på ulike stader i produksjonskjeda. Mattilsynet gav klarsignal, og året etter vart dette sett i verk med vidareføring i 2009. I år reknar ein med at 90% av lamma og 30% av søyene har eit elektronisk øyremerke.

I løpet av dei siste åra har det vore gjennomført eit utviklingsarbeid med tanke på å kunne gjera seg nytte av at dyra har eit slikt øyremerke, også på utmarksbeite. Dette gjeld utprøvingar av utstyr og opplegg som skal kunne gjera arbeidet i samband med tilsyn, sanking, sortering og levering enklare.

RFID - «Radio Frequency Identification» er ein teknologi som ein ser blir stadig meir aktuell i ulike samanhengar der noko skal merkast for seinare å kunne identifiserast, som t.d. eit husdyr. I dette ligg det ein fordel som også kan nyttast gjennom ein heil verdikjede, til dømes produksjon og omsetning av kjøtt. Her vil alle involverte; frå bonden som primærledd via inntransport, slakteri, foredling og distribusjon kunne hauste store fordelar. Ein er ennå berre i startfasen i bruken av denne teknologien, og overraskande for mange er det dyredelen av produksjonskjeden som har kome lengst. Enda meir overraskande er det at det er innan saueproduksjonen at ein har kasta seg over denne nyvinninga.

Eit RFID-merke består av ei «daud» radiobrikke med faste innlagte data om identitet på dyret, dyreart og nasjonalitet. Når brikka er støypt inn i plastmerket, så kan denne informasjonen ikkje endrast. Signaler frå brikka, med informasjon om dyret, kan hentast via ein registreringsstav som ein held bort til merket eller ein scanner som dyret passerer forbi. I praksis skjer dette i samband med registrering av opplysningar ved veging av dyra, paring, lamming, sjukdom osv. Desse opplysningane blir kopla opp mot identiteten på dyret, og kan deretter leggjast inn i aktuelle dataprogram der opplysningane om dyret er samla, som i Sauekontrollen m.m. Det er også sett i gang forsøk for å finne ut korleis bonden kan gjera seg nytte av RFID i utmarksbeiteperioden.

Når dyret er slakta, så vil ein ved hjelp av RFID-brikka kunne følgje dyret heile vegen fram til forbrukar. Dyret kan dermed sporast gjennom heile kjeden, noko som for eksempel vil kunne vera til stor nytte for å avdekke smittekjelder og styrke tilliten til kjøparane. Andre fordelar er korrekte opplysningar om dyret/sikrare datafangst, ein treng ikkje lenger å halde flokkane frå kvarandre ved inntransport eller i fjøset på slakteriet, noko som gjer at ein kan spare inn på både oppstallingsareal og personell.